



## Statens vegvesen

Jarle Ro  
Eidsnesvegen 128  
5913 EIKANGERVÅG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
15/258348-7

Dykkar referanse:

Vår dato:  
21.09.2017

### Løyve til avkøyrsla – skogsbilveg – fv. 395 – gnr. 215 bnr. 3 – Lindås kommune

Vi viser til din e-post datert 23.08.2017, med vedlagt bildedokumentasjon på siktrydding av avkøyrsla, samt tidligare korrespondanse om krav til avkøyrsla.

Statens vegvesen var på synfaring på staden 10.02.2017. Den fysiske utforminga av avkøyrsla vart då vurdert som tilfredsstillande, men siktkrava var ikkje oppfylt. I vårt brev datert 24.02.2017 bad vi om at tiltakshavar sendte bilde når sikta var rydda. På bakgrunn av oversendte bilde kan vi difor gi løyve til bruk av avkøyrsla slik den ligg i dag.

#### Vedtak:

Statens vegvesen godkjenner på vilkår søknaden om skogbruksavkøyrsla frå fylkesveg 395 (hp 52 ved km 0,290) til eigedom gnr. 215 bnr. 3. Vedtaket er gjort med heimel i veglova §§ 40 og 43.

#### Vilkår for løyvet:

Etter ei samla vurdering av vegtekniske tilhøve og trafikksikringsomsyn set Statens vegvesen følgjande vilkår for løyvet:

1. Løyvet er gjeve i samsvar med *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg* fastsett av Vegdirektoratet 16.7.1964 og *Forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg* fastsett av Samferdselsdepartementet 26.2.1982.
2. Løyvet gjeld kun for den staden som er nemnt ovanfor og i samsvar med vedlagte skisse.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

3. Løyvet gjeld berre for følgjande føremål: Skogbruk.
4. Eigaren eller brukaren av avkøyrsla som løyvet gjeld for, har ansvar for at frisikt og andre krav til avkøyrsla til ei kvar tid er oppfylt, jf. veglova § 43. Dersom ikkje dette skjer, kan avkøyrsløyvet bli trekt tilbake.
5. Det skal vere tilfredsstillande snu- og manøvreringsareal inne på eigen eigedom slik at ein unngår rygging ut på offentleg veg.
6. Løyvet gjeld tilknytingspunktet til fylkesvegen. Privatrettslege tilhøve, til dømes nabo- og eigedomstilhøve, må søkaren sjølv ivareta og skaffe seg rett til. Dette gjeld til dømes bruk og vedlikehald av avkøyrsløse og frisiktsoner. Slike rettar bør tinglysast.

Statens vegvesen Region vest  
Plan og forvaltning  
Med helsing


Kari Elster Moen  
overingeniør

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ


# PRINSIPPSKISSE



Tilsvarende sikt lengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

## Krav til svingradius for avkjørsla :



## Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:

